



Fylkesmannen i Hordaland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1619 - 17/6606

Saksbehandlar:

Kristin Moe

Kristin.Moe@lindas.kommune.no

Dato:

27.02.2017

## Uttale frå Lindås kommune - Arbeid med det psykososiale miljøet i skulane

Viser til skriv datert 17.02.17, der Fylkesmannen ber kommunen gjere greie for korleis det vert arbeid for å sikre at skulen oppfyller dei pliktene dei har etter opplæringslova kapittel 9a. Fylkesmannen viser til at eit foreldrepar har tatt kontakt og oppmodar Fylkesmannen om å gjennomføre eit tilsyn ved skulen grunna forhold ved det psykososiale miljøet.

Underteikna vil i det følgjande skildre Lindås kommune sitt arbeid på dette feltet.

### Kort om kva skuleeigar gjer for å sikre at skulane oppfyller pliktene dei har etter kap. 9a i opplæringslova

Lindås kommune har etablert ei kommunal retningsline for arbeidet med det psykososiale miljøet i skulen. Dette er eit dokument som vi har hatt i fleire år, og som blir revidert jamleg. I dokumentet er rektor og skuleeigar sitt ansvar definert.

Rektor har ansvar for:

- Kompetansetiltak tilsette -Førebyggje, avdekke og stoppe krenkingar og mobbing
- Informasjon til føresette, rådsorgan, klassenivå (t.d. informere om rett til å klage, korleis ein går fram ved ein klage)
- Rettleiing til føresette (t.d. hjelp til å setje fram klage)
- Å etablere og følgje opp system for systematisk arbeid for godt skulemiljø
  - Førebyggjande arbeid i klassane/skulen
  - Rutine for å :
    - Avdekke krenkingar og mobbing
    - Følgje opp melding om krenking/mobbing – Ta stilling i saka
    - Sikre at eleven si stemme kjem fram
    - Sikre støtte til elevar som blir utsett for mobbing
    - Stoppe krenkingar og mobbing frå medelevar
    - Stoppe krenking og mobbing frå vaksen
- Skildre metode for samarbeid med heimen (sikre at føresette har tillit til

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



skulen gjennom arbeidet med ei sak)

- Å fatte enkeltvedtak og gjennomføre klagehandsaming der klagar får medhald, kopi til einingsleiar. Rektor skal involvere einingsleiar *før* svaret går heim, der rektor ikkje finn å kunne gje medhald i klagepunkt. Vidare oppfølging av klagen i dialog med einingsleiar.

Skuleeigar har ansvar for:

- Kompetansetiltak leiarar – sakshandsaming
- Kompetansetiltak sektor – avdekke, førebyggje, handtere, følgje opp krenkingar og mobbing
- Å etterspørje/gje tilbakemelding kompetansetiltak/metodikk
- Å etterspørje/ gje tilbakemelding systematisk arbeid for godt skulemiljø og førebygging/handsaming av krenkingar og mobbing, inkl. krenkingar frå vaksen og byggje tillit i dialogen heim/skule
- Å vurdere klagehandsaming (dei alvorlege sakene, eller der heim og skule ikkje er samde) saman med rektor
- Å sende dokument klagehandsaming til Fylkesmannen, kopi til føresette

Retningslinene skal reviderast på nytt i vår, og skuleeigar har lagt inn nokre merknader som skal takast opp i rektorgruppa for prosess og vurdering. Skuleeigar ønskjer mellom anna å få inn ei tydelegare ansvars plassering i høve til involvering av elevar og føresette i evalueringsarbeidet, gjennomføre eigen vurdering ved bruk av t.d. Reflex, at skulen må skrive ein åreleg rapport om stoda ved skulen samt at avvik skal meldast inn i kommunen sitt nyleg etablerte digitale avvikssystem (del av KF-kvalitet). Skuleeigar ser også at eit årshjul for skuleeigar sitt planmessige arbeid bør inn her.

Skuleeigar sine synspunkt er kommunisert til rektorane i eit rektormøte like før jul i 2016, og skal opp som sak i vår. Justert retningsline skal vere gjeldande frå nytt skuleår.

Sjå vedlegg.

Skuleeigar krev at rektorane gjer bruk av kommunal mal for enkeltvedtak etter opplæringslova kap. 9a, når det blir fatta vedtak i ei sak. Sjå vedlegg.

Skuleeigar informerer om kommunal retningsline og mal for enkeltvedtak etter opplæringslova kap. 9a kvart skuleår, i form av kortkurs, gruppearbeid og erfaringsdeling i rektor- og skuleleiargruppa. I tillegg deltek både skuleeigar og ein stor del av rektorane på kurs og samlingar som omhandlar temaet. Erfaringar frå slike samlingar blir presentert og delt med andre rektorar i ettertid. Kvar gong temaet er oppe i rektorgruppa, presiserer skuleeigar elevane sine rettar og dei tilsette sine plikter.

Elevane sitt psykososiale skulemiljø opptar både politikarar, den administrative leiinga i kommunen og i leiinga ved den einskilde skule. Det politiske engasjementet kring dette teamet kjem tydeleg fram i dialogmøte om skule og årleg når Tilstandsrapport for grunnskulen er til handsaming. Politikarane sitt engasjement blir formidla vidare til rektorane, og skulane sitt ansvar blir presisert.

Førre veke var det plangruppesamling for dei kommunale grunnskulane i kommunen, og her orienterte skuleeigar om dei venta endringar i opplæringslova på dette feltet. Skuleeigar informerte også at kommunen vil delta med tre personar frå skuleeigarnivået på samlinga Fylkesmannen har invitert til 9.mars, og at rektorane vil bli orientert om innhaldet i denne samlinga i ettertid.

Skuleeigar ved einingsleiar får kopi av enkeltvedtak fatta av rektorane til orientering. Einingsleiar og kommunalsjef gjennomførte i haust stikkprøver frå alle skulane for å sjå korleis rektorane arbeidde med temaet. Stikkprøvene vart anonymisert og skrivne om, og deretter jobba med som case i rektorgruppa. Dette fekk vi god respons på frå rektorane, og er noko vi vil halde fram med. Skuleeigar fekk gjennom prosessen god informasjon om stoda ved skulane, og har kjennskap til den einskilde rektor sin praksis på dette området. Internkontroll, gjennomføring av stikkprøvar og registrering av avvik kan slik vere til god hjelp for å vurdere eigen praksis og vurdere forbettringsområde.

Einingsleiar har tett dialog med rektorane, og til vanleg tar rektor kontakt med einingsleiar (ved nokre høve både einingsleiar og kommunalsjef) dersom dei har fått informasjon om at det har gått føre seg krenking eller mobbing av elev i skulen. Skuleeigar bistår rektorane etter behov og frå sak til sak. T.d. i nokre saker er einingsleiar og/eller kommunalsjef tett inne, deltek i møte med både skule og heim, medan i andre saker kan det vere nok med ein telefonsamtale. Slik er einingsleiar tett på rektorar som ber om støtte i arbeidet, eller rektorar som einingsleiar veit treng slik støtte. Kommunalsjef går også inn som støtteperson her.

I haust har skuleeigar arrangert to kursdagar med Svein Børtveit omkring temaet Forvaltningskompetanse. Her deltok representantar frå leiinga ved alle skulane i kommunen, og det var gode kursdagar. Det er viktig for skuleeigar å sikre tilstrekkeleg og god forvaltningskompetanse både på kommunenivå og skulenivå.

Dette var ei kort skildring av korleis skuleeigar arbeider for å sikre at skulen oppfyller sine plikter etter kap. 9a i opplæringslova for å sikre at elevane har eit godt psykososialt miljø. Ta kontakt med underteikna om det er ønskjeleg med fleire opplysningar eller utfyllande opplysningar på nokre felt.

Med helsing

Kristin Moe  
kommunalsjef oppvekst

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Retningsliner Skulemiljø §9a LK okt 16

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Hordaland